

# Barnehagebruksplan 2025 - 2028

# Forord

Barnehagebruksplanen er ein del av kommunen sitt styringssystem. Planen gjev grunnlag for prioriteringar i Økonomiplanen og er grunnlag for avgjerder vedkomande:

- Utbygging og lokalisering av barnehagar
- Utvikle bygningar og uteområde til ei moderne og fleksibel barnehagedrift
- Vedlikehald
- Opptakskrinsar
- Dimensjonering av barnehagetilbodet (kven skal få tilbod om plass)

Grunnlaget for barnehagebruksplanen er henta frå:

- Nasjonal barnehagepolitikk
- Kommunal barnehagepolitikk
- Økonomiske rammevilkår
- Prognosar for utvikling i barnetal
- Registrering av status i - og behov for vedlikehald i dei kommunale barnehagebygga

Frå nasjonalt hald blir det satsa på kvalitet i barnehagedrifta til det beste for barna. Samfunnsmandatet til barnehagen er å gje barn under opplæringspliktig alder gode moglegheiter til utvikling og aktivitet. Barnehagen skal ta vare på barna og foreldra sine behov og gje rom for lek og læring, meistring og utfordringar. Dette gjer det naudsynt å legge til rette for god strukturell kvalitet i alle barnehagar. Bygningane bør vera fleksible og tilpassa når utviklinga fører med seg endringar i driftsformene i barnehagane.

Barnehagebruksplan 2025-2028 byggjer på tidlegare barnehagebruksplanar, og har lagt Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt hovudalternativ frå sommaren 2024 til grunn for utviklinga i barnetal. Det vil vere mindre behov for barnehageplassar i åra som kjem. Samstundes kan endringar i nasjonale føringar gje fleire barn rett til plass. Det kan saman med reduksjonen i maksprisen august 2024, ha betydning for behovet for barnehageplassar. I planforslaget er det vist tre framskrivingar. Dette for å vise fleire moglege utviklingsbanar og hjelpe med å finne løysningar som er robuste for ulike utviklingar.

Planen blir revidert anna kvart år og lagt fram saman med forslag til økonomiplan, same år som SSB reviderer sine folketalsframskrivingar. Planen er eit grunnlag for prioriteringar i økonomiplanen.

## Samandrag - Framtidig behov for barnehageplassar

Dei siste åra har veksten i folketalet vore vesentleg lågare enn dei føregåande åra. Det er sannsynleg at framskrivningane ikkje fangar opp den faktiske utviklinga framover, og i så måte blir tala usikre. Uvissa aukar jo lengre fram me ser i tid, og dess mindre grupper me framskriv. Vår alternative framskrivning og referansar frå tidlegare framskrivningar, illustrerer noko av denne uvissa ved å bruke andre føresetnader. Både barnehagebruksplanen og skulebruksplanen har lagt opp til å sjå på fleire ulike alternativ for å ha eit betre grunnlag for å dimensjonera bygga i dei ulike kretsane.

Bruk av kommunal kontantstøtte (for 2-åringar) har hatt ein jamn nedgang dei siste åra. Samstundes ser me at dekningsgraden for dei minste barna (1-3 år) er aukande. Når me rekner ut framtidig dekningsgrad for bruk av barnehage, ser det ut til å bli ei jamn auke i bruken av barnehageplassar for denne aldersgruppa dei kommande åra. Dette blir lagt til grunn i planen.

Rett til barnehageplass gjeld alle barn som fyller 1 år innan utgangen av november, og det er nasjonalt varsla ei vurdering av behovet for fleire opptak gjennom året. Hausten 2024 står 29 småbarn utan barnehagerett på venteliste for plass med ønske om oppstart før nyttår.

Makspris for ein barnehageplass blei frå 01.08.2024 redusert frå kr. 3000 til kr. 2000 per månad. Det er innført nasjonale ordningar for reduksjon i foreldrebetalinga og gratis kjernetid for familiar med låg inntekt og som har barn på 2, 3, 4 og 5 år. Dette fører til auke i etterspurnad av barnehageplassar.

For å innfri krav om full barnehagedekning i 2009 og i tida etterpå der talet på barn var aukande, blei det valt midlertidige løysningar for barnehagebygg. Fleire modulbygg fekk midlertidig plassering fordi det var venta ei nedgang i behovet og tanken var at desse barnehagane på sikt kunne bli avvikla. Denne nedgangen har ikkje kome.

I same periode blei det i enkelte barnehagar funne midlertidige løysningar for bruk av rom og bygg for å bidra til full barnehagedekning. Løysningane har betydning for kvaliteten på tilbodet til barna, på arbeidsforholda til dei tilsette og for slitasje på bygga. For å innfri krav til personalrom er det behov for å gjere leikeareal i enkelte barnehagar om til møterom og personalrom. Det vil påverke kapasiteten.

Endring i alderssamansetning, tilpassingar kring barn og pedagog- og bemanningsnorm og nye krav til pedagogisk verksemd gjer at det framleis er eit større behov for kvalitetsauke i fleire av barnehagebygga. Målet er eit likeverdig barnehagetilbod for barn i Hå kommune.

Framtidig behov for barnehageplassar vil vere avhengig av utviklinga i barnetal og kommunen sitt utbyggingsmønster. Endringar i nasjonale rammevilkår for barnehagedrifta og bruken av nasjonal og kommunal kontantstøtte vil og spele inn.

**Hovudoppsumering:**

Framskrivingar av behov for barnehageplassar viser nå at det samla sett er nok kapasitet i kommunen, dersom det ikkje blir gjort endringar i driftsforma. Ei aukande dekningsgrad særleg på dei minste barna og ei auke i talet på flyktningar, bidreg til å halda antall barn i barnehage meir stabilt.

Det er store svingingar i behov for barnehageplassar i dei mindre bygdene. Det er mangel på plasser på Nærbø, mens det er overkapasitet på Varhaug og på Vigrestad (Stokkalandsmarka).

Med så usikre føresetnader og ulikt press i dei ulike bygdene og stasjonsbyane, vil det vere vanskeleg å love at alle skal få barnehageplass i eiga bygd eller stasjonsby. Ambisjonsnivået må bli senka til å innfri retten til barnehageplass innanfor kommunen sine grenser.



# Innholdsliste

|  |           |
|--|-----------|
| <b>1. Nasjonal barnehagepolitikk.....</b>  | <b>7</b>  |
| Full barnehagedekning                      |           |
| Maksimalpris                               |           |
| Redusert betaling                          |           |
| Nasjonal kontantstøtte                     |           |
| Bemannings- og pedagognorm                 |           |
| Samordna opptaksprosess                    |           |
| Likebehandling                             |           |
| <b>2. Kommunal barnehagepolitikk .....</b> | <b>9</b>  |
| Kommuneplan 2024 – 2036                    |           |
| Kvalitetsplan for barnehagar               |           |
| Kommunal kontantstøtte                     |           |
| Kommunale retningslinjer og vedtekter      |           |
| <b>3. Plassar og dekningsgrad .....</b>    | <b>12</b> |
| KOSTRA 2023                                |           |
| <b>4. Barnehagebygg og uteområde .....</b> | <b>13</b> |
| Barnehagen i nærmiljøet                    |           |
| Barnehagebygga                             |           |
| Uteområde                                  |           |
| Arbeidsplass for tilsette                  |           |
| <b>5. Barnetal .....</b>                   | <b>15</b> |
| Historisk utvikling i folketalet i Hå      |           |
| Endra utvikling i seinare tid              |           |
| <b>6. Kapasitet og prognosar .....</b>     | <b>18</b> |
| Utvikling i talet på barn i barnehage      |           |
| Barnehageopptak og kapasitet               |           |
| Dekningsgrad                               |           |
| <b>7. Framskriving av folkemengd .....</b> | <b>20</b> |

## **8. Vurdering av Hå kommune..... 22**

Framskrivning av folke- og barnetal

Situasjonen i Hå

Vurdering av kretsane

- Nærbø (s 23)
- Varhaug (s 27)
- Vigrestad og Stokkalandsmarka (s 31)
- Brusand (s 34)
- Oгна og Sirevåg (s 37)

# 1. Nasjonal barnehagepolitikk

Nasjonale og kommunale politiske styringssignal ligg til grunn for å innfri barnehageretten.

## Full barnehagedekning

Regjeringa si målsetting er full barnehagedekning med høg kvalitet til låg pris. I barnehagelova § 16 står det:

*«Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.»*

*Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.*

*Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.*

*Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.»*

## Maksimalpris

Foreldre skal ikkje betale meir enn maksprisen for ein barnehageplass. Frå 1. august 2024 blir maksprisen redusert frå 3 000 til 2 000 kroner per måned fordelt på 11 terminar.

## Redusert betaling i kommunale og private barnehagar

Satsar for søskenmoderasjon er per i dag på 30% for barn nr. 2. Tilbodet er gratis for barn nr. 3 og oppover. Kostpengar kjem i tillegg.

Det er ei nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga. Dersom makspris for full plass er høgare enn 6 prosent av samla inntekt til hushaldninga, har du rett på redusert pris.

Alle 2, 3, 4, og 5 åringar og barn som har utsett skulestart, i familiar med samla brutto årsinntekt under 642.700 kroner har rett til 20 timer gratis kjernetid i veka.

## Nasjonal kontantstøtte

Det blir gitt kontantstøtte for barn frå dei er 13 månader og fram til og med 19 månader.

**Tabell 1.** Satsar for kontantstøtte frå og med 1. august 2018.

| Opphaldstid i barnehage (pr. uke) | Kontantstøtte i % av full sats | Kontantstøtte pr. barn |
|-----------------------------------|--------------------------------|------------------------|
| Ikkje bruk av barnehageplass      | 100 prosent                    | 7 500 kr               |
| Til og med 8 timer                | 80                             | 6 000 kr               |
| Frå 9 til og med 16 timer         | 60                             | 4 500 kr               |
| Frå 17 til og med 24 timer        | 40                             | 3 000 kr               |
| Frå 25 til og med 32 timer        | 20                             | 1 500 kr               |
| 33 timer eller meir               | 0                              | 0                      |

Satsane vert fastsett årleg av Stortinget, og kan derfor bli endra.

## Bemannings- og pedagognorm

Bemanningsnorma set krav om minimum ein tilsett per 3 barn under tre år, og ein tilsett per 6 barn over tre år.

Pedagognorma inneber minst ein pedagog per 7 barn under tre år og minst ein pedagog per 14 barn over tre år.

## Samordna opptaksprosess:

Barnehagelova § 17:

*“Alle godkjente barnehager i kommunen skal samarbeide om opptak av barn. Kommunen skal legge til rette for en samordnet opptaksprosess, der det tas hensyn til barnehagenes mangfold og egenart. Brukernes ønsker og behov skal tillegges stor vekt ved selve opptaket. Ved en samordnet opptaksprosess skal likebehandling av barn og likebehandling av kommunale og private barnehager sikres.”*

Hå kommune har 14 kommunale og 3 private barnehagar, og har over tid ført ein politikk som har vektlagt å bygge kommunale barnehagar.

## Likeverdig behandling

Barnehagelova § 21:

*«Kapitlet gjelder for private barnehager som mottar tilskudd etter §19.*

*Formålet med kapitlet er å sørge for at offentlige tilskudd og foreldrebetaling kommer barna i barnehagen til gode.»*

Finansieringa av dei private barnehagane tek utgangspunkt i rekneskapen til dei kommunale barnehagane to år før, og blir indeksregulert. Ut frå dette finn me ut kor mykje ein gjennomsnittleg plass kostar i barnehagane i Hå. Det blir rekna ut to summar, ein for små barn og ein for store. I tillegg blir det gitt nasjonal sats på kapitaltilskot (for bygningsmassen ut frå byggjeår).

Hå kommune gjer i 2024 tilskot til tre private barnehagar: Tryggheimsvegen barnehage (Nærbø), Espira Skjeraberget (Nærbø) og Tjemslandshagen barnehage (Varhaug).



## 2. Kommunal barnehagepolitikk

### Kommuneplan 2024 - 2036

Juni 2024 vedtok kommunestyret ny kommuneplan "Hå mot 2036", som legg til grunn følgjande **hovudmål** for barnehagane:

*“Hå kommune skal tilby alle barn og unge eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø som fremjar trivsel og læring. Samstundes er læring ikkje avgrensa til barn og unge, og kommunen skal arbeida for innbyggjarane sine moglegheiter til livslanglæring.”*

Kommuneplanen legg til grunn følgjande **delmål**:

- *I Hå skal me arbeida aktivt for å skapa trygge og inkluderande oppvekstmiljø.*
- *I Hå skal alle barn ha tilgang på barnehagar og skular av god kvalitet med høgt fagleg nivå som bidrar til utvikling, læring og tryggleik. Barna skal kjenna tilhørsrel, oppleve motivasjon og meistring, få trening i sosial kompetanse og sikrast god helse gjennom gode leike- og læringsmiljø.*
- *I Hå skal innbyggjarane ha moglegheitene til å tileigna seg relevant kompetanse som sikrar større fleksibilitet i møte med framtidens samfunn og arbeidsliv*

Kommunen ønsker å oppnå nemnde hovudmål og delmål gjennom følgjande **strategiar** som gjeld barnehagane:

- *Hå kommune skal arbeida for eit godt samarbeidsklima med føresette i skular og barnehagar.*
- *Hå kommune skal arbeida for at elevane i skular og barnehagar når sitt fulle potensiale.*
- *Hå kommune skal arbeida for at elevane utviklar kompetanse i samarbeid, kreativitet, kritisk tenking og læringsteknologi.*
- *Hå kommune skal leggja til rette for variasjon i læringstilnærming og opplæringsarenaer.*

### **Kvalitetsplan for barnehagane**

Kvalitetsplan for barnehagen vart vedtatt i kommunestyret våren 2021, og skal bli revidert i løpet av barnehageåret 2024 - 2025. Planen legg føringar for utvikling av kvalitet for innhaldet i barnehagane i Hå.

## Kommunal kontantstøtte

Hå kommune har vedteke kommunal kontantstøtte som gjeld frå månaden barnet blir 20 månader og fram til dei er 3 år. I 2024 er beløpet 6053 kroner per barn i månaden. Dette gjeld dei som ikkje har barnehageplass. Barn som går tre dagar i barnehagen kan få redusert kontantstøtte på kr. 2415 per barn i månaden.

Hausten 2024 er det om lag 40 barn som mottar kommunal kontantstøtte. 14 av desse kombinerer barnehagetilbod og kontantstøtte. Bruk av lokal kontantstøtte har det siste året hatt ein nedgang.

## Kommunale retningslinjer og vedtekter

Hå kommune har egne vedtekter som er godkjende i utval for oppvekst og kultur. I vedtektene finn me kommunale retningslinjer for barnehageplass. Barnehageretten blir innfridd ved tilbud om plass i ein barnehage i Hå kommune. Dette gjeld og dersom det er søkt om plass i ein annan barnehage enn tildelt. Dei kommunale vedtektene blir reviderte årleg.

Budsjettering av barnehageplassar skjer årleg i september. Ressursane blir sett for inneverande barnehageår. Ved ledig kapasitet i den einskilde barnehage er det etter vedtektene supplerande opptak gjennom året. Dersom det er ledig areal og tilgjengeleg kvalifisert personale, kan barnehagesøknader som kjem i løpet av året bli innvilga.

August 2024 står 47 barn på venteliste for barnehageplass. 29 ønsker plass hausten 2024. Det er ønska plass for ytterlegare 12 barn i januar – februar.

32 barn på ventelista er busett på Nærbø, 11 på Vigrestad, to på Varhaug og to i Sirevåg.



### 3. Plassar og dekningsgrad

Kostra-tala for 2023 viser dette innan barnehagesektoren:

- Talet på barn i alderen 1- 5 år er redusert med 40 barn frå 2022 til 2023.
- Hå kommune har færre barn i alderen 1-5 år enn Klepp kommune, men fleire enn Time kommune.
- Hå driv kostnadseffektive barnehagar. Driftsutgifter brukt per barn i barnehage 1-5 år er lågast samanlikna med Time og Rogaland. Klepp kommune bruker mindre. Større bruk av deltidsplassar i Hå kommune kan gjere at driftsutgiftene er høgare enn dei elles ville vore. Dette mellom anna på grunn av krav til pedagogar per barn. Hå kommune har også fleire små barnehagar, noko som kan føre til dyrare drift.
- Dekningsgraden for 1-2 åringar aukar, og var i 2023 på 74,5 prosent. Dette er framleis godt under Time- og Klepp kommune. Ei årsak til lågare dekningsgrad er tilbodet om kommunal kontantstøtte for 2 åringar. Dekningsgraden for 3-5 åringane er i 2023 lik som i Klepp, mens Time ligg over.
- Hå kommune er i 2023 prosentvis under Time kommune og Rogaland når det gjeld talet på minoritetsspråklege barn som prosentvis går i barnehage. Klepp har færre enn Hå.
- Andelen barnehagelærarar i prosent av grunnbemanninga er redusert og me ligg godt under både Time, Klepp og Rogaland.
- Hå kommune ligg lågt i leike- og opphaldsareal per barn. Med 5,1 m<sup>2</sup> per barn i kommunale barnehagar ligg Hå nest lågast av alle kommunane i Rogaland. Eit lågt tal på barn i Stokkalandsmarka barnehage, er med på å heve gjennomsnittet.

**Tabell 2. Kostra-tala for 2023** viser dette innan barnehagesektoren:

|   | Hå 2022 | Hå 2023 | Time    | Klepp   | Rogaland |
|---|---------|---------|---------|---------|----------|
| <b>Prioritet</b>  |         |         |         |         |          |
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B)        | 167 002 | 192 106 | 192 338 | 183 797 | 211 184  |
| <b>Dekningsgrad</b>   |         |         |         |         |          |
| 0-6 år 41 timer eller mer andel barn i barnehage i forhold til innbyggere | 55,8 %  | 54,8 %  | 66,6 %  | 64,9 %  | 65,8 %   |
| 1-2 år andel barn i barnehage i forhold til innbyggere (prosent)          | 76,9 %  | 74,5 %  | 89,6 %  | 87,2 %  | 87,2 %   |
| 1-5 år andel barn i barnehage i forhold til innbyggere (prosent)          | 87,9 %  | 87,2 %  | 94,5 %  | 92,3 %  | 93,2 %   |
| 3-5 år andel barn i barnehage i forhold til innbyggere (prosent)          | 95,0 %  | 95,7 %  | 97,7 %  | 95,7 %  | 97,1 %   |
| Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage     | 82,6 %  | 81,5 %  | 51,9 %  | 67,3 %  | 50,7 %   |
| Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn   | 73,4 %  | 80,3 %  | 84,0 %  | 79,6 %  | 82,7 %   |
| <b>Kvalitet</b>   |         |         |         |         |          |
| Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)             | 35,2 %  | 33,8 %  | 40,5 %  | 37,3 %  | 38,7 %   |
| Opphaldsareal per barn i m2, kommunale barnehager                         | 4,8     | 5,1     | 5,3     | 4,7     | 6,1      |
| <b>Grunnlagsdata (Nivå 3)</b>   |         |         |         |         |          |
| 0-åringer i kommunen  | 244     | 250     | 215     | 249     | 5 192    |
| 1-2 åringer i kommunen  | 502     | 499     | 481     | 530     | 11 091   |
| 1-5 åringer i kommunen  | 1 285   | 1 244   | 1 191   | 1 324   | 28 223   |
| 3-5 åringer i kommunen  | 783     | 745     | 710     | 794     | 17 132   |
| Antall styrere og pedagogiske ledere                                      | 155     | 144     | 160     | 162     | 3 602    |

## 4. Barnehagebygg og uteområde

Hå kommune ønsker funksjonelle barnehagebygg som innbyr til lek, læring og opplevingar. Både inne- og ute miljøet er ein viktig del av kvaliteten på barnehagetilbodet. Med tanke på tidleg innsats skal det fysiske miljøet gje utfordringar, vere tilpassa det einstilte barnet (universelt utforma), og verne barnet mot fysiske og psykiske skader. Barnehagen skal vere med å styrke barna si læring og deltaking i fellesskap med jamaldrande.

Hå kommune har utarbeida ei eiga prosjekteringsanvisning for barnehagebygg i kommunen. Den fortel noko om kva krav me sett til funksjon, bygningsmessige krav, romprogram, drift og vedlikehald og utandørs anlegg i dei kommunale barnehagane.

## **Barnehagen i nærmiljøet**

Det blir tilrettelagt for at nye bygg og rehabilitering av barnehagar skal ha positiv innverknad på nærmiljøet. Både ute- og innemiljøet må vere utforma slik at det inviterer til fleirbruk.

## **Barnehagebygga**

Hå kommune har ansvar for at det vert etablert barnehagar som oppfyller krava i regelverket og som sikrar barna eit likeverdig pedagogisk tilbod. Barnehagen skal vere godkjent og gje barn moglegheiter for lek, livsutfolding og meiningsfylte opplevingar i trygge og utfordrande miljø inne og ute. Det er i dag store ulikskapar med tanke på i kva grad bygga er tilpassa dagens drift. Målet er meir likeverdig kvalitet på barnehagebygg og uteområda, og meir plass til lek og opphald per barn enn det er i dag (Jfr Kostra-tall).

Det er fleire og varierte krav til barnehagen sine lokale, uteområde og inventar. Barnehagen må vere utforma slik at det blir tatt omsyn til små og store barn sine behov for fysiske utfordringar, tilpassa aldersgrupper, modning og funksjonsnivå. Barnehagen må ha små rom slik at det er mogleg med tilrettelagde aktivitetar med barn i mindre grupper. Fleire rettleingar for utforming av barnehagebygg er tilgjengelege og er anbefalt å bruke ved planlegging og utforming av nye barnehagebygg.

## **Uteområde**

Uteområda i barnehagane er viktige arenaer for barns fysiske aktivitet. Godt gjennomtenkt utforming av uteområda kan bidra til å motverke den stadig aukande inneaktiviteten blant barn og unge. Uteområda bør også bli utforma som sosiale møteplassar, enten det er til lek og aktivitet, eller som stader der barna kan trekke seg tilbake aleine, eller i mindre grupper. I dag blir uteområda og nytta aktivt i undervisninga. Uteområda skal med andre ord vera tilrettelagt for ulike typar av bruk og ta omsyn til variasjonane i barnas alder på tvers av årstrinn.

## **Arbeidsplass for tilsette**

Det er behov for arbeidsrom og arbeidsplassar til pedagogar og anna personale i barnehagen. Det er stor skilnad på korleis dei tilsette sine arbeidsforhold er i dei etablerte barnehagane. Med ei ny pedagognorm, krav til samarbeid og ei sentral satsing på kvalifisert personale i barnehagen er det naudsynt at arbeidsforholda ligg til rette for dette. Arbeidsmiljøloven stiller krav til 6 m<sup>2</sup>.

Alle barnehagane treng arbeidsrom til pedagogar og anna personale, kvilerom, møterom og kontor til styrar og assisterande styrar. Barnehagane er ulike i alder og utforming, og tek desse funksjonane i vare i ulik grad, ut frå kva krav som var

gjeldande då bygget vart oppført. Det har og blitt gjort endring i bruk av areal for å kunne tilby nok plassar i enkelte områder av kommunen.



Motlandsmarka barnehage


## 5. Barnetal

### Historisk utvikling i folketalet i Hå

Utviklinga i folketalet i Hå vil vere avhengig av kor mange som blir fødde, kor mange som døyr og kor mange som flyttar til og frå kommunen. Utviklinga i talet på barn i barnehagealder heng tett saman med utviklinga i folketalet. Det er talet på barnehagebarn som styrer kvar barnehagar skal byggast og kor store barnehagar det er behov for. Det er naturleg å sjå kretsvis på utviklinga i tal på barnehagebarn opp mot kapasiteten i barnehagane.

Figur 1 nedanfor viser utviklinga i folketalet i Hå i perioden 1964-2024. Det er store svingingar i veksten frå år til år og i nokre år er det og registrert negativ vekst. Dette kan i hovudsak knytast til utviklinga ved Nærlandheimen rundt 1970 og i starten på 1990-talet. I 1970-åra var det år med høg vekst på grunn av stor bustadbygging og tilflytting, noko ein òg ser i åra omkring 2008-2013. I denne siste perioden er ikkje minst arbeidstilflytting ei hovudårsak til den sterke veksten, grunna høg oljepris og tilhøyrande stor vekst i oljenæringa, både nasjonalt, men særleg i Rogaland og dei andre vestlandsfylka.

**Figur 1. Folketalsutvikling, folkemengd 1. januar 1964-2024**




### Endra utvikling i seinare tid

Finanskrisa i 2007/08 førte med seg redusert vekst i internasjonal økonomi. Veksten for Norge tok seg likevel raskt opp, og det blei høg vekst i hovudsak på grunn av god prisutvikling i råvarer som Norge eksporterer, særleg olje, og fallande prisar på import. Frå 2014 av har oljeprisen felle mykje, og saman med relativt svak vekst i internasjonal økonomi har dette ført til mindre aktivitet, særleg i oljenæringa i Rogaland. Dette gjer seg mellom anna utslag i mindre arbeidsrelatert tilflytting til Norge. Det er mange arbeidsinnvandrarar som nå flyttar tilbake til heimlanda sine. Sjølv om det har vore aukande tilflytting av flyktningar, er den samla veksten i innvandringa til Norge nå mindre enn før.

Hå kommune hadde sterk vekst i perioden frå 2008 til 2014. Det var ei vekst mykje på grunn av oppgangen i oljenæringa, men òg på grunn av arbeidsinnvandring til jordbruksnæringa. Det var netto innflytting til Hå både frå andre delar av Norge og ikkje minst frå utlandet. Sjølv om det blei oppretta nye arbeidsplassar i Hå, kom det òg mange tilflyttarar til kommunen som pendla ut av kommunen til arbeidsstaden.

I perioden 2015-2022 har det vore svakt synkende fødselsoverskot og folkeveksten har vore prega av negativ nettoinnflytting. I løpet av de siste åra har med hatt eit år med auke i fødselsoverskotet som hovudsakleg skuldast færre døde, kombinert med at Ukrainske statsborgarar har bidratt til å auka innflytting for andre året på rad.

**Figur 2. Fødselsoverskot, nettoinnflytting og folkevekst 2000-2023**




Vibereiret barnehage

## 6. Kapasitet og prognosar

### Utvikling i talet på barn i barnehage

Tal frå SSB viser at nesten 9 av 10 barn i Hå går i barnehage, oftast på fulltid.

**Figur 3.** Talet på barn 1-5 år med barnehageplass i Hå kommune



Talet på barn i barnehage har auka sterkt dei siste åra. Eksempelvis viser SSB sin barnehagestatistikk at berre 53 prosent av barn i alderen 1-5 år i Hå gjekk i barnehage i 2002, mot 87,2 prosent i 2023 (sjå figur 1). Blant barn i alderen 3-5 år går nå nesten alle i barnehage, 95,7 prosent i 2023.

Innføring av lokal kontantstøtte for 2-åringar i 2012, då den statlege støtta til 2-åringar fall bort, førte til ein nedgang i etterspurnaden etter barnehageplass for 1 og 2-åringar. Bruk av lokal kontantstøtte er noko redusert dei siste åra. Parallelt ser me ei jamn auke i dekningsgrad for 1 og 2-åringar. I tillegg står 29 barn på utan barnehagerett på venteliste for plass før nyttår 2024. Desse kan ha søkt for seint eller fyller eitt år etter 01.12.2024.

**Tabell 4.** Barnehagekapasitet 2023 - 2024

Tabellen under viser samla barnehagekapasitet for kretsane kvar for seg, og for Hå kommune samla. Kapasiteten er berekna ut frå godkjende leike- og opphaldsareal. Kolonnane 15.12.2023 og 15.08. 2024 viser barn i både kommunale og private barnehagar, og differansen mellom tilgjengeleg kapasitet og faktisk tal på barn i barnehagane.

|                            | Kapasitet | 15.12.2023 | differanse | 15.08.2024 | Differanse |
|----------------------------|-----------|------------|------------|------------|------------|
| Nærbø                      | 531       | 554        | - 23       | 555        | - 24       |
| Varhaug                    | 270       | 238        | 32         | 251        | 19         |
| Vigrestad/Stokkalandsmarka | 232       | 211        | 21         | 215        | 17         |
| Brusand (ny barnehage)     | 38        | 32         | 6          | 34         | 4          |
| Ogna/Sirevåg               | 75        | 52         | 23         | 61         | 14         |
| Totalt Hå kommune          | 1 146     | 1 086      | 60         | 1116       | 30         |

Tabellen viser at det er store svingingar i behov for barnehageplassar i dei mindre bygdene. Det er mangel på plasser på Nærbø, mens det er overkapasitet på Varhaug og på Vigrestad (Stokkalandsmarka). Overkapasiteten på Varhaug er redusert i forhold til tidlegare plan for å ta høgde for at leikeareal vert gjort om til areal for personal, i tråd med behov for møterom og krav til pause- og kontorarbeidsplassar.

## Dekningsgrad

**Tabell 5.** Barnehageopptak, folkemengd og dekningsgrad i Hå kommune

|        | Barnehageopptak<br>15.08.2024 | Folkemengd<br>01.01.2024 | Dekningsgrad<br>01.01.2024 |
|--------|-------------------------------|--------------------------|----------------------------|
| 1-2 år | 382                           | 499                      | 76,6                       |
| 3-5 år | 733                           | 745                      | 98,4                       |
| 1-5 år | 1 116                         | 1244                     | 89,7                       |

Dette gjer ei kraftig auke i dekningsgraden for 3-5 åringar. Dekningsgraden for 1-2 åringar har gått ned 0,8 %. Det er 29 barn som ønsker plass hausten 2024. Dersom desse blir tilbudd plass ville dekningsgraden for 1-2 åringar ha vore 82,3 %

**Tabell 6.** Dekningsgrad – Økonomiplan 2023 – 2026

| 01.01.              | Faktisk |      | Prognose |      |      |
|---------------------|---------|------|----------|------|------|
|                     | 2024    | 2025 | 2026     | 2027 | 2028 |
| Dekningsgrad 1-2 år | 72,7 %  | 76 % | 78 %     | 80 % | 82 % |
| Dekningsgrad 3-5 år | 94,8 %  | 97 % | 97 %     | 97 % | 97 % |


Dekningsgraden i tabell 6 er lagt til grunn for dei komande framskrivingane av barnehagebehov. Det er då ikkje tatt høgde for endringar i rett til barnehageplass.

## 7. Framskriving av folkemengd

### Framskriving av folke- og barnetal

Når me skal framskrive utviklinga i folke- og barnetal, bruker me ein modell for framskriving. Til framskrivingane treng me ulike føresetnader om fire demografiske komponentar: Framtidig fruktbarheit, dødelegheit, innanlandske flyttingar og inn- og utvandring. Kommunen bruker Statistisk sentralbyrå (SSB) sine framskrivingar for heile kommunen og KOMPAS sin trendflyttingsmodell for å fordela folke- og barnetal på dei ulike kretsane.

**Figur 4.** Framskriving av folkemengd i Hå per 31. desember, MMMM 2020-2024




### Hovudalternativet (MMMM)

Kommuneplanen 2024-2036 legg opp til ei befolkningsutvikling som tar utgangspunkt i SSB sitt hovudalternativ (MMMM) for framskriving av folkemengd på kommunenivå. Hovudalternativet, kalla MMMM, legg til grunn middels fruktbarheit, middels levealder, middels innanlandsk mobilitet og middels innvandring.

SSB oppdaterer og omstrukturerer sine framskrivingar anna kvart år, sist i juni 2024. SSB sine nye framskrivingar av befolkninga blei denne gong laga med eit bakteppe der det har vore høg innvandring, då særleg frå Ukraina. Det gjer at me i hovudalternativet får ei sterk befolkningsvekst på kort sikt, men og vekst på lengre sikt med lågare takt.

Framskrivinga viser nå at folketalet aukar frå 19 827 1. januar 2024 til 20 850 31. desember 2036. Det utgjer ein folkevekst på 1 023 innbyggjarar.

**Figur 5.** Befolkningsframskriving i Hå kommune



<sup>1</sup> Folkemengd og befolkningsendringar etter alder 1. januar, Kjelde: SSB.

<sup>2</sup> Folkemengd 1-5 år er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskrivningane av folkemengd for aldersgruppa 1-5 år er vist i 3 ulike alternativ. Det første alternativet er framskrivinga frå barnehagebruksplan 2021-2024. Det vart i barnehagebruksplan 2021-2021 valt å målstyra utviklinga i folketal på kommunenivå slik at det stemmer med mellomalternativet (MMMM) i SSB sine framskrivingar frå juni 2020. Det vart i barnehagebruksplan 2023-2026 valt å målstyra utviklinga i folketal på kommunenivå slik at det stemmer med mellomalternativet (MMMM) i SSB sine framskrivingar frå juni 2022. Det er i føreliggande barnehagebruksplan 2025-2028 valt å målstyra utviklinga i folketal på kommunenivå slik at det stemmer med mellomalternativet (MMMM) i SSB sine framskrivingar frå juni 2024.



## 8. Vurdering av Hå kommune

### Framskriving av barnetal


Tabell 7. Framskriving av barnetal i Hå kommune (MMMM 2024)

| 01.jan   | 2024  | 2025  | 2026  | 2027  | 2028  | 2029  | 2030  | 2031  |
|----------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| 1-2 år   | 499   | 499   | 473   | 442   | 446   | 448   | 448   | 450   |
| 3-5 år   | 745   | 767   | 760   | 764   | 727   | 703   | 676   | 681   |
| Totalsum | 1 244 | 1 266 | 1 233 | 1 206 | 1 173 | 1 151 | 1 124 | 1 131 |

### Situasjonen i Hå

Figur 6 viser at kommunen samla sett har nok barnehageplassar fram til 2037, ut frå alternativet MMMM 2024 og gitt dekningsgraden i tabell 6. Sjølv om det er nok plassar på kommunenivå kan nokre kretsar ha overkapasitet mens andre har underkapasitet. Kapasitet og barnetal blir i det følgjande vurderte for kvar krets separat.

Figur 6. Befolkningsframskriving, behov og barnehagedekning i Hå kommune



<sup>1</sup> Folkemengd og befolkningsendringar etter alder 1. januar, Kjelde: SSB.

<sup>2</sup> Folkemengd 1-5 år er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskrivingane av folkemengd for aldersgruppa 1-5 år er vist i 3 ulike alternativ. Det første alternativet er framskrivinga frå barnehagebruksplan 2021-2024. Det vart i barnehagebruksplan 2021-2021 valt å målstyra utviklinga i folketal på kommunenivå slik at det stemmer med mellomalternativet (MMMM) i SSB sine framskrivingar frå juni 2020. Det vart i barnehagebruksplan 2023-2026 valt å målstyra utviklinga i folketal på kommunenivå slik at det stemmer med mellomalternativet (MMMM) i SSB sine framskrivingar frå juni 2022. Det er i føreliggande


barnehagebruksplan 2025-2028 valt å målstyra utviklinga i folketal på kommunenivå slik at det stemmer med mellomalternativet (MMMM) i SSB sine framskrivingar frå juni 2024.

<sup>3</sup> Behov for barnehage viser summen av talet på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggjar 1-2 år og talet på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggjar 3-5 år etter alder 1. januar, Kjelde: SSB, Kostra.

<sup>4</sup> Behov for barnehage viser summen av estimert tal på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggjarar 1-2 år og estimert tal på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggjarar 3-5 år etter alder basert på framskriven folkemengd 1. januar. 1-5 åringar er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskrivning av folkemengd er vist i dei 3 alternativa nemnde i note 2 og omtala i teksten generelt. Estimert dekningsgrad for 1-2 år og 3-5 år i planperioden er vist i tabell nr. 6

<sup>5</sup> Barnehagekapasitet på 1169 er basert på faktisk kapasitet som er utrekna på bakgrunn av godkjent leike- og opphaldsareal i kvar einskild barnehage.

## Vurdering av Nærbø



## Framskriving av barnetal


Tabellen under viser framskriving av barnetala for Nærbø i aldersgruppene 1-2 år, 3-5 år og 1-5 år. Talet på barn blir redusert frå 625 pr. 1. januar 2024, til 568 pr. 1. januar 2031.

**Tabell 8.** Framskriving av barnetal på Nærbø (MMMM 2024)

| 01.jan          | 2024       | 2025       | 2026       | 2027       | 2028       | 2029       | 2030       | 2031       |
|-----------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| 1-2 år          | 249        | 247        | 234        | 222        | 224        | 225        | 226        | 227        |
| 3-5 år          | 376        | 382        | 382        | 377        | 360        | 349        | 338        | 341        |
| <b>Totalsum</b> | <b>625</b> | <b>628</b> | <b>616</b> | <b>599</b> | <b>584</b> | <b>574</b> | <b>564</b> | <b>568</b> |

Figuren under viser at det samla er ein kapasitet på 531 barnehageplassar på Nærbø (397 kommunale og 134 private). Framskrivinga av barnetal (MMMM 2024) viser at talet på barn som skal ha barnehageplass, basert på dekningsgraden i tabell 6, går opp frå 545 per 1. januar 2024 til 547 per 1. januar 2037.

**Figur 7.** Barnehagedekning Nærbø



<sup>1</sup> Behov for barnehage viser summen av talet på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbygger 1-2 år og talet på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbygger 3-5 år etter alder 1. januar, Kilde: SSB, Kostra

<sup>2</sup> Behov for barnehage viser summen av estimert tal på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbygger 1-2 år og estimert tal på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbygger 3-5 år etter alder basert på framskriven folkemengd 1. januar. 1-5 åringar er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskriving av folkemengd vist i dei 3 alternativa; BP 2021-2024, BP 2023-2026 og BP 2025-2028. Estimert dekningsgrad for 1-2 år og 3-5 år i planperioden er vist i tabell nr. 6

<sup>3</sup> Barnehagekapasitet på 531 er basert på faktisk kapasitet som er utrekna på bakgrunn av godkjent leike- og opphaldsareal i kvar einiskild barnehage. Kapasiteten vil kunne bli lavere fordi bruk av rom blir endra fra leikeareal til personalrom.

## Situasjonen på Nærbø

Dei siste åra har det vore utfordrande å tilby barnehageplass til alle barn frå Nærbø i eiga bygd. Nokon føresette ønsker ikkje å ta imot plass i andre bygder i kommunen.

Det er eit mål å få ned talet på barn i nokre av barnehagane for å sikre eit meir likeverdig barnehagetilbod for barna. Vibereiret og Bjorhaug er godkjent i ei tid der målet var full barnehagedekning, dermed blei svært mykje areal godkjent som leikeareal. Motlandsmarka barnehage er på same måte utnytta maksimalt for å kunne gje alle barn på Nærbø barnehageplass. Dette blei gjort då Urhei barnehage blei lagt ned, i påvente av ein reduksjon i søkertalet. Denne reduksjonen er ikkje komen, mellom anna på grunn av auka dekningsgrad for dei minste og flyktningsituasjonen. Talet på barn må på eit tidspunkt bli redusert.

Dersom me legg til grunn same vurdering av areal i desse barnehagane som i Rosk toppen, Stokkalandsmarka og Vigrestad barnehagar, vil antalet barnehageplasser på Nærbø bli redusert med tre småbarnsavdelingar.

Dette grepet vil gje betre arbeidsforhold for personalet. Ei reduksjon i talet på barn vil gi moglegheit for at alle barnehagane skal få tilstrekkeleg personalrom.

I barnehagebruksplanen som blei vedtatt i desember 2022 og i økonomiplanane frå desember 2022 og desember 2023, blei det vedteke å bygge eit tilbygg til Breidablikk barnehage. Tilbygget skal erstatte avdelingen i Vestkroken 18. Vedtaket gjaldt eit tilbygg for opptil 20 barn, areal til grupperom og arbeidsrom til personalet. Dette betyr ei auke med 9 småbarnsplassar på Nærbø.

Planleggingsarbeidet for eit tilbygg ved Breidablikk er i gang. Det er lagt fram ei skisse som imøtekjem deler av bestillinga i det politiske vedtaket, men som ikkje løyser behovet for fleire barnehageplassar på Nærbø. Skissa vil bli vidareutvikla til eit prosjekt som varetek alle bygningsmessige og reguleringsmessige lovkrav. Reguleringsmessige formål og krav i ny kommuneplan skal og bli vurdert. Planlagd ferdigstilling av Breidablikk er sett til 2026.

Dei siste åra er det brukt midlar på å gjere naudsynte investeringar i fleire av dei eldste barnehagebygga på Nærbø. Det er regulert ei tomt til offentleg formål (barnehage) ved Bø skule. Tomta er på 5,3 mål og kan gje plass til ein 6 avdelings barnehage med om lag 130 barn.

Bjorhaug og Vigre er modulbygg med kortare forventta levetid. Det må bli laga ein plan for korleis desse bygga skal bli erstatta.



Bjorhaug barnehage

### **Oppsummering av status:**

Dersom dagens bruk av areal blir opprettholdt og talet på søkarar ikkje aukar, er det nok barnehageplassar på Nærbø. For å sikre eit likeverdig barnehagetilbod er det behov for tiltak som skaper fleire plasser.

Prognosen viser at talet på barn ser ut til å gå ned. Nye nasjonale føringar om rett til barnehageplass, redusert foreldrebetaling og auke i dekningsgrad vil kunne gje behov for at antal barnehageplassar blir stabilt eller aukar.

Fleire barnehagar har stort behov for å ta i bruk leikeareal til personalrom og det vil redusere talet på barnehageplassar.

Det er ikkje laga ein plan for korleis modulbygg skal bli erstatta og for korleis midlertidig overkapasitet (for mange barn i forhold til areal) skal få ein normalisert og permanent driftssituasjon.


### **Tiltak:**

1. Til neste revisjon av barnehagebruksplanen må det bli utarbeida ein plan for korleis midlertidig drift og driftsendring skal få ei endeleg og permanent løysning. Målsettinga er å normalisere kapasiteten og at midlertidige modulbygg på Nærbø skal bli avslutta. Nyare og større barnehagar må bli vurdert som erstatning for eldre og mindre funksjonelle barnehagar. Til dømes Bjorhaug barnehage. Bjorhaug er ein modulbarnehage som i si tid blei tenkt

som ei midlertidig løysning. Ei løysning kan vere å bygge ein større og permanent barnehage på same tomt som Bjorhaug barnehage står.

2. Planleggingsarbeid for eit påbygg ved Breidablikk er i gang. Det er lagt fram ei skisse som imøtekjem deler av bestillinga i det politiske vedtaket, men som ikkje løyser alt. Skissa har blitt diskutert og ein har bestemt seg for løysningar som ein ynskjer å gå vidare med. Det vil seie å vidareutvikle skissa til eit prosjekt som varetek alle bygningsmessige og reguleringsmessige lovkrav. Reguleringsmessige formål og krav i ny kommuneplan skal og bli vurdert. Planlagd ferdigstilling er sett til 2026. Tomt i Vestkroken 18 blir ikkje opprettheldt som uteareal for barnehagen, ettersom barnehagen allereie har ei stor tomt og at talet på barnehageplassar ikkje blir auka.
3. Det er to private barnehagar på Nærbø. Dersom ein av desse ynskjer å utvide drifta si vil kommunedirektøren sjå positivt på ein slik søknad. Det vil gje ein meirkostnad i årleg utbetaling (kapitaltilskot til nye plasser).

## Vurdering av Varhaug



## Framskriving av barnetal


Tabellen under viser framskriving av barnetala for Varhaug i aldersgruppene 1-2 år, 3-5 år og 1-5 år. Talet på barn blir redusert frå 262 per 1 januar 2024, til 237 per 1. januar 2031.

Tabell 9. Framskriving av barnetal på Varhaug (MMMM 2024)

| 01.jan   | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 | 2030 | 2031 |
|----------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| 1-2 år   | 105  | 99   | 88   | 89   | 90   | 91   | 91   | 91   |
| 3-5 år   | 157  | 166  | 171  | 160  | 155  | 146  | 145  | 146  |
| Totalsum | 262  | 266  | 260  | 249  | 245  | 236  | 235  | 237  |

Figuren under viser at det samla er ein kapasitet på 292 barnehageplassar på Varhaug (233 kommunale og 59 private). Framskrivinga av barnetal (MMMM 2024) viser at talet på barn som skal ha barnehageplass, basert på dekningsgraden i tabell 6, er 228 per 1. januar 2024 og 1. januar 2037.

Figur 8. Barnehagedekning Varhaug



<sup>1</sup> Behov for barnehage viser summen av talet på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggjar 1-2 år og talet på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggjar 3-5 år etter alder 1. januar, Kjelde: SSB, Kostra

<sup>2</sup> Behov for barnehage viser summen av estimert tal på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggjar 1-2 år og estimert tal på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggjar 3-5 år etter alder basert på framskriven folkemengd 1. januar. 1-5 åringar er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskriving av folkemengd vist i dei 3 alternativa; BP 2021-2024, BP 2023-2026 og BP 2025-2028. Estimert dekningsgrad for 1-2 år og 3-5 år i planperioden er vist i tabell nr. 6

<sup>3</sup> Barnehagekapasitet på 292 er basert på faktisk kapasitet som er utrekna på bakgrunn av godkjent leike- og opphaldsareal i kvar einiskild barnehage. Kapasiteten vil kunne bli lavere fordi bruk av rom blir endra fra leikeareal til personalrom.

## Situasjonen på Varhaug

Det er nok kapasitet på Varhaug. Framskrivingar av barnetalet i Varhaug krets indikerer at det framleis ikkje vil vere behov for å bygge ny barnehage i denne planperioden ut frå omsyn til kapasiteten.

Trekløveren, Gråtassen og Idrettsbarnehagen er alle barnehagar med godkjenning frå ei tid der svært mykje areal blei godkjent som leikeareal for å sikre full barnehagedekning. Det er eit ønske å få redusert talet på barn i desse barnehagane for å få eit meir likeverdig barnehagetilbod for barna. Dette grepet vil og gje betre arbeidsforhold for personalet. Ein reduksjon av talet på barn, vil gje rom for å få naudsynte personalrom i alle barnehagane. Reduksjonen vil tilsvare om lag 20 plassar.

Tilstandsanalyse for dei kommunale barnehagane på Varhaug viser at bygga er i tilfredsstillande stand. Det gjeld og modulbygga til Idrettsbarnehagen og Gråtassen som er av nyare dato enn Trekløveren barnehage. Modulbygg har kortare forventade levetid enn plassbygde barnehagar. Det må bli laga ein plan for korleis desse bygga skal bli erstatta. Det gjeld og plassering av Gråtassen og Trekløveren barnehage.

Trekløveren barnehage har dei siste åra fått naudsynte oppgraderingar med nytt tak, takrenner og takvindauge. I 2024 har Trekløveren fått oppgradert dei brantekniske tilhøva. I tillegg er barnehagen utrusta med nye lysarmaturar og nytt kjøkken.

Kommunen har ei ferdigregulert barnehagetomt ved Bratlandsmarka på ca 9,2 dekar som er planlagt med opptil 10 avdelinger.



Trekløveren barnehage

## Oppsummering av status:

Det er noko overkapasitet på Varhaug med dagens drift. Prognosen viser at talet på barn ser ut til å gå ned.

Fleire barnehagar har stort behov for å ta i bruk leikeareal til personalrom og redusere areal som er tatt inn i leikeareal..

Det er behov for å oppretthalde talet på plassar på Varhaug for å sikre kapasitet både på Varhaug og som tilleggskapasitet for Nærbø. Nye nasjonale føringar for rett til barnehageplass, redusert pris og auke i dekningsgrad vil kunne gje behov for fleire plassar. Desse plassane vil og gjere det mogeleg å handtere ei auke i talet på flyktingar.

Det må lagast ein plan for korleis modulbygg og eldre bygg skal bli erstatta.



Varhaug Idrettsbarnehage

### Tiltak:

1. Det må bli gjort ei grundig vurdering av korleis framtidig kapasitet skal bli sikra. I vurderinga må det inngå permanent plassering av bygg og sikring av funksjonalitet i bygga. Plan for barnehagebygg på Varhaug må bli sett i samanheng med kapasitet og utbygging på Nærbø.

## Vurdering av Vigrestad og Stokkalandsmarka

### Framskriving av barnetal


Tabellen under viser framskriving av barnetala for Vigrestad og Stokkalandsmarka i aldersgruppene 1-2 år, 3-5 år og 1-5 år. Talet på barn minkar frå 257 per 1. januar 2024, til 229 per 1. januar 2031.

Tabell 10. Framskriving av barnetal på Vigrestad og Stokkalandsmarka (MMMM 2024)

| 01.jan   | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 | 2030 | 2031 |
|----------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| 1-2 år   | 107  | 105  | 102  | 92   | 93   | 93   | 93   | 93   |
| 3-5 år   | 150  | 159  | 150  | 159  | 147  | 143  | 135  | 136  |
| Totalsum | 257  | 264  | 252  | 251  | 239  | 236  | 228  | 229  |

Figuren under viser at det samla er ein kapasitet på 232 barnehageplassar på Vigrestad og Stokkalandsmarka (berre kommunale), mens framskrivinga av barnetal (MMMM 2024) viser at talet på barn som skal ha barnehageplass, basert på dekningsgraden i tabell 5, minkar frå 223 per 1. januar 2024 til 222 per 1. januar 2037.

Figur 9. Barnehagedekning Vigrestad og Stokkalandsmarka



<sup>1</sup> Behov for barnehage viser summen av talet på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggjar 1-2 år og talet på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggjar 3-5 år etter alder 1. januar, Kjelde: SSB, Kostra.

Behov for barnehage viser summen av estimert tal på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggjar 1-2 år og estimert tal på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggjar 3-5 år etter alder basert på framskriven folkemengd 1. januar. 1-5 åringar er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskriving av folkemengd vist i dei 3 alternativa; BP 2021-2024, BP 2023-2026 og BP 2025-2028. Estimert dekningsgrad for 1-2 år og 3-5 år i planperioden er vist i tabell nr. 6

<sup>3</sup> Barnehagekapasitet på 232 er basert på faktisk kapasitet som er utrekna på bakgrunn av godkjent leike- og opphaldsareal i kvar einskild barnehage.

## Situasjonen på Vigrestad og Stokkalandsmarka



Stokkalandsmarka barnehage

Både Vigrestad og Stokkalandsmarka barnehagar er gode bygg utan behov for vesentleg oppgradering. Bygga har kapasitet til god drift for barna og gode areal for dei tilsette.

Stokkalandsmarka stod ferdig i 2012. Barnehagen har lite leikemoglegheiter ute og det manglar variasjon og naturleik. Behovet for ei oppgradering på uteområdet er stort.

Det er sett i gong arbeid med å sjå på om det er mogleg å forbetre uteområdet ved Stokkalandsmarka barnehage. Arkitektfirmaet DARK har teikna og utarbeida planar som vil betre tilhøva ved uteområdet kraftig.

Frå sommaren 2025 og fram til 2027, er det planlagt at barn og tilsette i Askeladden barnehage flytter til Stokkalandsmarka barnehage medan barnehagen blir riven og nye Brusand barnehage blir oppført. Ledig areal i Stokkalandsmarka barnehage ser ut til å kunne dekke behovet for barnehageplassar. Leikearealet blir då nytta fullt ut. Utearealet i Stokkalandsmarka må bli utvida før barnehagen blir fylt til maksimal kapasitet.

### **Oppsummering av status:**

Det er tilstrekkeleg med barnehageplassar på Vigrestad og Stokkalandsmarka i heile perioden.

Uteområdet på Stokkalandsmarka barnehage er for lite og må få tilleggsareal

## Tiltak:

1. Kommunedirektøren tilrår at det i budsjett for 2025 og økonomiplan for 2025 - 2028 blir sett av 5,5 mill.kr til endring og oppgradering av uteområdet ved Stokkalandsmarka barnehage i 2025.



Vigrestad barnehage

## Vurdering av Brusand



### Framskriving av barnetal


Tabellen under viser framskriving av barnetala for Brusand i aldersgruppene 1-2 år, 3-5 år og 1-5 år. Talet på barn går ned frå 28 1. januar 2024, til 24 1. januar 2031.

Tabell 11. Framskriving av barnetal på Brusand (MMMM 2024)

| 01.jan   | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 | 2030 | 2031 |
|----------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| 1-2 år   | 9    | 10   | 11   | 9    | 10   | 10   | 10   | 10   |
| 3-5 år   | 19   | 16   | 15   | 15   | 15   | 15   | 14   | 15   |
| Totalsum | 28   | 26   | 25   | 25   | 24   | 25   | 24   | 24   |

Figuren under viser at det samla er ein kapasitet på 36 barnehageplassar på Brusand (berre kommunale), mens framskrivinga av barnetal (MMMM 2024) viser at talet på barn som skal ha barnehageplass, basert på dekningsgraden i tabell 6, går ned frå 25 per 1. januar 2024 til 23 per 1. januar 2036.

**Figur 10.** Barnehagedekning Brusand



<sup>1</sup> Behov for barnehage viser summen av talet på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbygger 1-2 år og talet på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbygger 3-5 år etter alder 1. januar, Kjelde: SSB, Kostra.

Behov for barnehage viser summen av estimert tal på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbygger 1-2 år og estimert tal på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbygger 3-5 år etter alder basert på framskriven folkemengd 1. januar. 1-5 åringer er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskrivning av folkemengd vist i dei 3 alternativa; BP 2021-2024, BP 2023-2026 og BP 2025-2028. Estimert dekningsgrad for 1-2 år og 3-5 år i planperioden er vist i tabell nr. 6

<sup>3</sup> Barnehagekapasitet på 36 er basert på faktisk kapasitet som er utrekna på bakgrunn av godkjent leike- og opphaldsareal i kvar einskild barnehage. Barnehagen er vedtatt bygget med kapasitet til å ta imot 10 småbarn og 20 store barn.

## Situasjonen på Brusand

Ny barnehage på Brusand har vore gjenstand for fleire politiske vedtak. I økonomiplan for 2017 - 2020 vart det sett av totalt 43 mill kroner til ein 6 avdelings barnehage på Brusand. I kommunestyret den 20.10.22, sak 079/22, vart plan 1169 - Områderegeringsplan for Kvermefloen, Brusand - 2. gangsbehandling, vedteken. Arbeida med prosjektering og planlegging av ny barnehage på Brusand kunne dermed starte opp.

I kommunestyret den 05.10.23, sak 081/23, vart ny 4 avdelings barnehage på Brusand lagt fram som eit skisseprosjekt og vedteken å gå vidare med som eit forprosjekt. Førebels økonomisk ramme vart sett til 86,7 mill kroner.

I samband med handsaming av budsjett 2024 og økonomiplan 2024 - 2027 blei det, i staden for å gå vidare med det planlagde prosjektet på Kvermefloen, vedteke at: "Kommunestyret ønsker ei utgreiing der alle alternativ for å få ned kostnader blir vurdert. Punkt i utgreiinga må være: • Oppgradering av eksisterande barnehagebygg.

- Modul løysing på eksisterande tomt eller andre tomter blir vurdert. Drift av Brusand barnehage blir vidareført".

Det blei i budsjett og økonomiplan sett av 10 mill kr til ny barnehage på Brusand i 2025.

Den 02.05.2024 vart kommunedirektøren si utgreiing lagd fram for politisk handsaming i kommunestyret. Fylgjande vedtak blei gjort:

1. Barnehagen bygges på dagens barnehagetomt, som vist i alternativ A, men eksisterande bygg blir revet og erstattet av ny plassbygd barnehage.
2. Prosjekt gjennomføres som et kombinert skisse- og forprosjekt med politisk behandling før anbudsinngivning.

Det pågår arbeid med prosjektering og planlegging av ny barnehage på Brusand i henhold til det politiske vedtaket. Planen er å få eit ferdig prosjekt klart til politisk handsaming i byrjinga av 2025. Prosjektet kan deretter lysast ut på anbod. Askeladden barnehage med sine tilsette vil i byggjeperioden ha tilhøve i Stokkalandsmarka barnehage.

I samband med budsjettforslag for 2025 og økonomiplan for 2025 - 2028 føreslår kommunedirektøren at det settast av totalt 56,4 mill. kr til ein ny barnehage på Brusand. Desse fordelar seg med 20 mill. kr i 2025 og 30 mill. kr i 2026. I tillegg kjem 6,4 mill. kr frå tidlegare løyvingar.

Kommunedirektøren har ved fleire budsjettframlegg og politiske saker framheva at det ikkje er behov for barnehagen på Brusand og står fortsatt på at det ikkje er behov for ny barnehage på Brusand. Bakgrunnen for dette er kapasitet i alle dei tre barnehagane Stokkalandsmarka, Vigrestad og Måken. I tillegg viser demografien framover at barnetalet i kommunen går ned og me må foreta omstilling i heile kommunen for å møte framtida. Samstundes er kommunedirektøren i likheit med dei folkevalte opptatt av attraktive stasjonsbyar og at det skal vere godt å bu i alle tettstadane i Hå kommune.

Basert på siste vedtak i kommunestyret, sak 39/24 og at dette er handlar like mykje om tettstadsutvikling for Brusand, føreslår kommunedirektøren i dette budsjettframlegget å bygge barnehage på Brusand.

### **Oppsummert status:**


Ny barnehage står klar i løpet av 2026 og skal i tråd med prognosen ha tilstrekkeleg kapasitet i heile perioden.

Barn og tilsette får opphald i Stokkalandsmarka i påvente av nytt bygg frå sommaren 2025.

### Tiltak:

Kommunedirektøren tilrår at det i budsjett for 2025 og økonomiplan for 2025 - 2028 blir sett av totalt 56,4 mill. kr til ein ny barnehage på Brusand. Desse fordeler seg med 20 mill. kr i 2025 og 30 mill. kr i 2026. I tillegg kjem 6,4 mill. kr frå tidlegare løyvingar.

## Vurdering av Oгна og Sirevåg




Tabellen under viser framskriving av barnetala for Oгна og Sirevåg i aldersgruppene 1-2 år, 3-5 år og 1-5 år. Talet på barn går opp frå 72 1. januar 2024, til 73 1. januar 2037.

**Tabell 13.** Framskriving av barnetal på Oгна og Sirevåg (MMMM 2024)

| 01.jan   | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 | 2030 | 2031 |
|----------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| 1-2 år   | 29   | 38   | 38   | 29   | 29   | 29   | 29   | 29   |
| 3-5 år   | 43   | 44   | 42   | 54   | 51   | 51   | 44   | 44   |
| Totalsum | 72   | 82   | 79   | 82   | 80   | 80   | 73   | 73   |

Figuren under viser at det samla er ein kapasitet på 78 barnehageplassar i Sirevåg (berre kommunale), mens framskrivinga av barnetal (MMMM 2024) viser at talet på barn som skal ha barnehageplass, baserte på dekningsgraden i tabell 6, opp frå 63 per 1. januar 2024 til 71 per 1. januar 2037.

**Figur 12.** Barnehagedekning Ogna og Sirevåg



<sup>1</sup> Behov for barnehage viser summen av talet på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbygger 1-2 år og talet på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbygger 3-5 år etter alder 1. januar, Kjelde: SSB, Kostra

<sup>2</sup> Behov for barnehage viser summen av estimert tal på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbygger 1-2 år og estimert tal på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbygger 3-5 år etter alder basert på framskriven folkemengd 1. januar. 1-5 åringar er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskrivning av folkemengd vist i dei 3 alternativa; BP 2021-2024, BP 2023-2026 og BP 2025-2028. Estimert dekningsgrad for 1-2 år og 3-5 år i planperioden er vist i tabell nr. 6.

<sup>3</sup> Barnehagekapasitet på 78 er basert på faktisk kapasitet som er utrekna på bakgrunn av godkjent leike- og opphaldsareal i kvar einskild barnehage

## Situasjonen på Ogna og i Sirevåg

Det vil i lang tid framover vere god kapasitet på barnehageplassar i denne delen av kommunen.

Måken barnehage blei i 2013 utvida frå 2 til 4 avdelinger. Eksisterande bygningsmasse blei samstundes omarbeida og tilpassa. Barnehagen har gode arealer for dei tilsette.

I godkjenninga til Måken barnehage er til dømes garderober i den gamle delen av bygget lagt inn som leikeareal. Dersom me legg til grunn same vurdering av arealer i denne barnehagen som i nyare barnehagar, bør dette arealet ikkje bli brukt til leik.

**Oppsummert status:**

Det vil i lang tid framover vere god kapasitet på barnehageplassar i denne delen av kommunen. Det er tilstrekkeleg antal barnehageplassar i området til å dekke behovet.